



Bkk Elektrifisering AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/1479 - 21/20851

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
25.03.2021

Godkjent søknad om mellombels dispensasjon - oppføring av 2 hurtigladestasjonar for elbil gbnr 188/116 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 393/21
Tiltakshavar: Bkk Elektrifisering AS
Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggegrensa og frå arealføremål veg for oppføring av 2 hurtigladestasjonar frå Kvernhusaugane i Knarvik til Kvernhusmyrane på gbnr 188/116 Gjervik ytre. Dispensasjon vert gjeve i periode på 5 år frå vedtakets dato.

Viss tiltaket i løpet av perioden kjem i konflikt med utbygging etter gjeldande reguleringsplan, må det fjernast.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon frå byggegrensa og frå arealføremål veg i reguleringsplan for «tunnel på fylkesveg 57, Knarvik – Isdalstø» Planid: 1263-201201. I tillegg er området bandlagt av Vegvesenet pga. nytt kryss til E39/RV57.

Tiltaket går på flytting av 2 hurtigladestasjonar for elbilar frå Kvernhusaugane i Knarvik til Kvernhusmyrane på gbnr 188/116 Gjervik ytre.

Det vert elles vist til søknad mottaken 12.02.21.

Tiltaket sitt omfang

BKK Elektrifisering AS må flytte den eksisterende ladestasjon i Knarvik som ligg ved Kvernhusaugane 1 pga at området er avsatt til «riggområde for oval rundkjøring». I forbindelse med byggeperioden på ca 2,5 år vil da dessverre være veldig uhensiktsmessig å ha ein ladestasjon for elbil midt i riggområdet. Entreprenøren ønsker heller ikkje privat trafikk i området.

Saman med Alver kommune, Vegvesnet og Helland Elektro AS har vi hatt møte for å finne alternative plasseringer i Knarvik som kan brukast i anleggsperioden. Berit M Eskeland hjå Alver Kommune har foreslått Kvernhusmyrane gbnr. 188/116 i krysset ved yrkesskulen som eit godt alternativ. Dette ser ut for oss til å være eneste mulighet fordi vi her har nærhet til den einaste 400V nettstasjonen med ledig kapasitet som er i Knarvik. Det er heller ikke andre 400V nettstasjoner bortsett fra den som no vil ligge like ved anleggsområdet og som vi må rigge ned i anleggsperioden.

Utforming


Ladeplassen vil bli utforma slik at bilane skal kjøre inn mot ladaren. Parkeringsplassane der ladarane skal monterast vil ikkje bli flytta. Fundament og ladarar vil stå framfor dagens parkeringsplass. Avstandar mellom parkeringsplassar vil fortsatt være over da tabell D.20 i Håndbok N100 «Veg og gateutforming» krever.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for «tunnel på fylkesveg 57, Knarvik – Isdalstø» Planid: 1263-201201 er definert som «vegføremål».



Området det er søkt om er bandlagt av Vegvesenet pga. nytt kryss til E39/RV57. Ladarane vil ikkje kome i konflikt med siktsoner. Ladarane vil koma i konflikt med byggegrensar. Det er vedlagt dispensasjonssøknad frå byggjegransa og for arealføremål veg.



Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrensa og frå arealføremål veg i reguleringsplanen.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Tiltaket sitt omfang

BKK Elektrifisering må flytte sin eksisterende ladestasjon i Knarvik som ligg ved Kvernhusaugane 1 pga at området er avsatt til «riggområde for oval rundkjøring». I forbindelse med byggeperioden på ca 2,5 år vil da dessverre være veldig uhensiktsmessig å ha ein ladestasjon for elbil midt i riggområdet. Entreprenøren ønsker heller ikkje privat trafikk i området.

Saman med Alver kommune, Vegvesnet og Helland Elektro AS har vi hatt møte for å finne alternative plasseringer i Knarvik som kan brukast i anleggsperioden. Forslaget om Kvernusmyrane gbnr. 188/116 i krysset ved yrkesskulen som Berit M Eskeland hjå Alver Kommune foreslo ser ut til å være eneste mulighet fordi vi her har nærhet til den eneste 400V nettstasjonen med ledig kapasitet som er i Knarvik. Det er heller ikke andre 400V nettstasjoner bortsett fra den som vi bruker i dag og som vil ligge i anleggsområdet.

Planstatus

Området det er søkt om er båndlagt av Vegvesnet pga nytt kryss til E39/RV57. I reguleringsplanen «Områdeplan fylkesveg 58, Knarvik – Isdalstø» Planid: 1263-201201 er arealformålet satt av til «veg». Vi har vært i kontakt med Vegvesnet sin prosjektleder i Knarvik Harry Finseth. Han har sjekka opp i framdriftsplanen for utbygging av krysset. I svaret frå han på epost den 11.02.21 så bekrefter Vegvesnet at oppstart av krysset mest sansynleg ikkje vil starte før ca 2030. Ein bruk av tomta fram til anleggsperioden vil ikkje være til hinder for Vegvesnet. BKK Elektrifisering AS vil derfor be om midlertidig dispensasjon frå arealformålet fram til området skal bygges ut.

Det er teikna inn byggegrense mot framtidig ny veg i gjeldende reguleringsplan. Når vegen som er teikna inn skal bygges så vil stasjonen måtte vike uansett. Vi ber derfor om midlertidig disp frå byggegrensa i reguleringsplanen.

Da er ein godkjent reguleringsplan for området og BKK Eletrifisering AS tolkar da som at generell byggegrense etter Veglova §29 mot eksisterande kommuneveg KV1046 S2D1 m81 ikkje gjeld, sjøl om vegen ikkje er bygd. Til info så vil me ved første byggetrinn vil ha ein minsteavstand til dagens veg på 11,2m og ved utvidelsen 8,5m. Her vil da være ein høedeforskjell mellom kommunevegen og parkeringa på opp til 3m. Vi benytter oss av allerede opparbeida terreng.

Uttale frå anna styresmakt

Det er sendt til uttale til anna styresmakt den 25.02.21. Det kom ingen uttale i saka innafor fristen.

Kommunen legg til grunn at Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla pga. tiltakets karakter, jf. Forskrift om utføring av ladestasjonar.

Grunneigare og leigetakare er informert om tiltaket.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan, datert 10.02.21.

På situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til å vere ca. 8,0 meter. Eigar av gbnr 188/166, Alver kommune, har i dokument, datert 26.02.21, samtykka til at tiltaket kan plasserast på kommunal grunn.

Tiltaket er plassert utanfor byggegrense i plan. Det er søkt dispensasjon frå regulert byggjegrænse.

Avstand til offentleg kommunal veg er opplyst å vere ca. 8,5 meter.

Tilkomst, avkøyrslø og parkering

Eigedommen er sikra lovleg tilkomst til offentleg kommunal veg.

Avkøyrslø til offentleg kommunal veg følgjer av godkjent reguleringsplan og er ikkje endra.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser ladeplassar og avkøyrslø.

Situasjonsplan/oftofoto viser eksisterande og terreng, som er ferdig planert og opparbeide med asfalt. Det vert ingen endring i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen merknad i saka.

Søkjær opplyser følgjande om utforming:

Utforming

Ladeplassen vil bli utforma slik at bilane skal kjøre inn mot ladaren. Parkeringsplassane der ladarane skal monterast vil ikkje bli flytta. Fundament og ladarar vil stå framfor dagens parkeringsplass. Avstandar mellom parkeringsplassar vil fortsatt vere over da tabell D.20 i Håndbok N100 «Veg og gateutforming» krever.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.

Forvaltningspraksis i kommunen har våre å godkjenne dispensasjonar som har svært høg samfunnsinteresse.

Omsynet med byggjegrænse mot veg er å ivareta vedlikehald av veg, sikra areal for eventuell vegutviding, ivareta siktforhald. I denne saka er det allereie etablerte parkeringsplassar på eigedommen, kor ladestasjonar skal flyttast. Terrengtilhøve ligg til rette for tiltaket då det er stor høgdeforskjell på ca. 3 meter mellom kommunal veg og omsøkt eigedommen. Tiltaket medfører ingen verknad på siktforhald på staden og trafikktryggleik vert ivaretatt. I tillegg har dispensasjon mellombels karakter og har avgrensa periode på 5 år.

Omsynet med regulert føremål vegareal er knytte vedlikehald av vegnett og sikring av infrastruktur, framkomelegheit. Etablering av hurtiglادestasjonar for elbilar kjem ikkje i vesentleg strid med vegføremål i dette tilfelle, då fleire brukare kan lade bil og fortsette køyring. Tiltaket medfører ingen terrenginngrep.

Kommune viser til hovudmomenta som vart nytta i vurderinga av dispensasjon:

- Omsyn til høg samfunnsinteresse
- Omsyn til påbegynt byggjearbeid med «oval rundkøyringa»
- Omsyn til eksisterande terrengtilhøve

- Omsyn til spesielt trong for ledig nettstasjon med kapasitet på 400V
- Omsyn til reguleringsplanen sin føremål
- Omsyn til avgrense periode og mellombels karakter av dispensasjon

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak planføremål veg og byggjegrænse mot veg ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt om mellombels dispensasjon for.

Vidare er det administrasjonen si vurdering er at fordelane ved å gje mellombels dispensasjon i denne saka er klart større enn ulempene.

Tiltaket er av viktig samfunnsinteresse og elektrifisering av transportsektoren er av allmenn interesse. Det er naudsynt med flytting av to eksisterande ladestasjonar for elbilar, fordi anleggsarbeid med oval rundkøyringa i Knarvik er satt i gang og ladestasjonar må riggast ned i anleggsperioden i Kvernhusaugane. Det er svært mange brukare som er avhengig av dette tilbodet for billading sentralt i Knarvik. Det var utfordrande å finne plass for ny plassering av ladestasjonar med ledig kapasitet for nettstasjon med 400 V. Dette alternativet er einaste moglegeheit for plassering av ladestasjonar sentralt i Knarvik.

Tiltaket i seg sjølv har avgrense tidsperiode og mellombels karakter. Viss tiltaket kjem i konflikt med utbygging etter gjeldande reguleringsplan, må det fjernast.

Efter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå planføremål veg og byggjegrænse mot veg er oppfylt.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Dispensasjon er søknadspiktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarlast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsnering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1479

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om midlertidig dispensasjon frå arealformål og byggegrense - GBNR 188/116 Gjervik ytre

Flytting av hurtigladar for elbil i Knarvik i forbindelse med anleggsperioden til «oval rundkjøring», Kvernhusmyrane

epost - Flytting av hurtigladar for elbil i Knarvik i forbindelse med anleggsperioden til oval rundkjøring, Kvernhusmyrane

Mottakarar:

Bkk Elektrifisering AS

Postboks 7050 5020

BERGEN